

NOTAT

Vedlegg nr. 5a

Til: Styringsgruppa
Fra: Vestland fylkeskommune v/INV
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 30.01.2025

Kleppevegen ved Myrane -Endra totalprognose

Oppsummering

Ved tidspunkt for innlevering av prosjektark 1. desember 2024 varsla prosjektet om at det truleg ikkje er naudsynt med ei statleg løyving i 2026 og om at det takast ein ekstra gjennomgang av økonomien i prosjektet tidleg i 2025.

Etter ein grundig felles gjennomgang av økonomien på prosjektet har Askøy kommune og fylkeskommunen kome fram til at ramma på prosjektet er for høg.

Oppdatert totalprognose inneber eit estimert varig mindreforbruk på 20 mill.kr. Av dette inngår 10,2 mill i allereie løyvde midler over statsbudsjettet i 2025 og at resterande finansiering opp til gitt ramma fell vekk. Det vil ikkje vere naudsynt med finansiering i handlingsprogram for 2026-2029. Det er framleis lagt inn ein sikkerheit til ikkje forutsette kostnader i prosjektet og det kan være ein moglegheit for at totalprognosen kan falle ytterlegare.

Status for prosjektet

Det etablerast ny infrastruktur til Kleppestø barneskole, Kleppestø ungdomsskole, Askøy vidaregåande skule, Askøyhallen og Helsetunet. Avkøyrslar stengjast og det etablerast rundkøyring, ny gang og sykkelveg/fortau, busshaldeplass og "kiss and ride". Tiltaket vart prosjektert frå 2021 til våren 2023. Tiltaket vart lyst ut sommeren 2023, med atterhald om godkjenning i kommunestyret. November 2023 tok prosjektet til med riving av hus og rigg av anlegget. Anleggsarbeidet har haldt fram i 2024 og tiltaket er venta å stå ferdig våren 2025. Sluttoppgjer er venta å ligge føre ved årsskiftet 2025/2026.

Økonomi og finansiering

Da tiltaket første gang vart fremma som forslag, var det gjort eit grovt overslag frå konsulent, basert på reguleringsplan. Dette anga tiltaket å ha ein kostnad på 110 mill. - 2018- kr. Det vart vurdert at det ikkje hadde vore teke tilstrekkeleg høgde for byggherrekostnader, mva., løpemeterpris eller materialkostnader. Ved rullering av handlingsprogrammet vart det den gang vurdert og omtala å vere usikkerheit i vurderingar

av kostnader frå anslaget, spesielt pga. utviklinga av priser i 2021. Hausten 2021 vart det gjennomført forenkla byggherrekalkyle vurdert til 190 mill. -2021-kr.

Etter ein grundig gjennomgang av økonomien på prosjektet er det avklart at ramma er for høg og at det ikkje vil vere naudsynt med finansiering i hp 2026-2029. Oppdatert totalprognose viser eit venta varig mindreforbruk på 20 mill. Av dette inngår 10,2 mill på allereie løyvde midler over statsbudsjettet i 2025. Resterande finansiering opp til gitt ramme fell vekk i 2026.

- Dagens ramme er på 237 mill i venta 2025-kr. (190 mill -2021-kr) uavhengig av finansieringskjelde. (Det er nytta siste faste indeks for 2024).
- Medgåtte kostnader + prognose for resterande kostnader gir ein totalprognose på 217 i venta 2025 kr. uavhengig av finansieringskjelde.
- Dette tilseier eit venta finansieringsbehov på 130,3 mill over post 30(66). (Staten har til nå løyvd 140,5 mill i løypande kroner)

Det er framleis lagt inn ein sikkerheit til ikkje forutsette kostnader i prosjektet og det kan være ein moglegheit for at totalprognosen fell ytterlegare.

I finansieringa av tiltaket er det lagt til grunn at Askøy kommune finansierer 34 mill. kr og det er inngått ein finansieringsavtale mellom Askøy kommune og Vestland fylkeskommune, vedtatt av fylkestinget 29.9.20 (sak 118/2020): «Vestland fylkeskommune (VLFK) betaler en sum på 30 mill. kr som dekker alle VLFKs forpliktelser i forbindelse med områdeplanen herunder alle rekkefølgekrav». Blant anna finansierast prosjektering av desse midlane. Resterande finansiering av tiltaket er finansiert gjennom Miljøløftet. Fylkeskommunen finansierer mva. knytt til statleg tilskot til den delen av prosjektet som ligg på fylkesveg. Kommunen si finansiering dekker mva. knytt til statleg tilskot til den delen av prosjektet som ligg på kommunal veg. Fylkeskommunen og kommunen har inngått ein bilateral finansieringsavtale som legg fast premissane for eksternt tilskot.

Konklusjon

Ramma til prosjektet vert justert ned med 20 mill kr. Av dette inngår 10,2 mill. i allereie løyvde midlar over statsbudsjettet i 2025, som kan omdisponerast andre prosjekt.